

ÅRSMELDING

2025



DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn

1 .0 INNLEIING OG GENERELT

Personale

Det har vore nokre endringar i personalet gjennom året. I august vart Ragnhild Stav tilsett som prest i Askvoll og kyrkjegardsarbeidar Tore Vasseth gjekk av med pensjon frå desember.

Det vart ikkje føreteke tilsetting i samarbeidsstilling med nabofellesråd om kyrkjelydspedagog etter 2. utlysingsrunde, så pedagogstillinga i Askvoll har vore vakant også heile 2025.

Økonomi

Soknet hadde eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) på kr 45.616,- i drifta. Vidare er det udekka kr 8.179,- i investeringsrekneskapen. Inndekking av desse skal som hovudregel skje det året rekneskapen vert lagt fram.

Investeringsprosjekt

Det har vore eit lågt nivå investeringar i året. Av investeringar i anleggsmiddel er det berre eitt prosjekt, prosjektdel 3 av rehabiliteringa av Holmedal kyrkje, med ombygging av hovudinngang med universell utforming og dreneringsløyising for takvatn frå kyrkja. Netto investeringskostnad til dette delprosjektet var kr 660.653,-

Kontor og administrasjon

I slutten av 2025 fekk ein gått over til ny dataløysing for sakshandsaming og arkiv. Ein nyttar no Kirkepartner si Public 360-løysing og alt arkivmateriale skal vere digitalt.

Ved inngangen til 2025 fekk soknet også nye heimesider. I løpet av året har desse vorte bygd opp med innhald og etter administrasjonen si oppfatning fungert bra.

2.0 ORGANISASJON

2.1 Askvoll sokneråd

Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nære det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplastyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.

Valde medlemmer og varamedlemmer

Wenche Ness Gabrielsen (leiar)
Terje Mork (nestleiar)
Lillian Oddekalv Gjervik
Frida Melvær
Arnt Johny Langeland
Jarle Magnus Vilnes
Synnøve Melvær
Jostein Gryte
Dag Erlend Grane
Gro Eikebø Stang
1. vara Astri Thorsen Landøy
2. vara Karen Anny Espedal
3. vara Vidar Kaland
4. vara Stian Lykkebø
5. vara Sigmund Rivedal

Kommunen sin representant

Oddgunn Keilegavlen Grane
Tormod Selvik (personleg vara)

Geistleg representant

Ragnhild Stav (frå august) Tommy Erdal (før august)
Knut-Magne Nesse (personleg vara)

Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda


Rune Ziener

2.2 Kjønnsbalanse og likestilling i styrande organ

Soknerådet, som er det styrande organet er politisk valgt, og kjønnssamansetning (på minimum 40%) representasjon skjer på vallistene. Det er imidlertid dei vala veljarane gjer som bestemmer den endelege kjønnssamansetjinga i rådet.

Det ligg ikkje føre begrensningar når det gjeld tilgang til egne aktiviteter, verv eller stillingar som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag eller segregerte aktivitetar eller tilbod.

Slik er kjønnsfordelinga i soknerådet:



2.3 Soknerådsmøte og soknemøte

I 2025 var det 9 soknerådsmøte, og det vart handsama 56 saker totalt (både sokneråds- og fellesrådssaker i møta).

Kyrkjelydens årsmøte/soknemøte vart ikkje avhelde i 2025.

2.4 Utval og komitéar

Administrasjonsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar) med Jostein Gryte som varamedlem
Terje Mork (nestleiar) med Lillian Oddekalv Gjervik som varamedlem
Hildegunn Hellest som representant for dei tilsette
Rune Ziener (sekretær)

Forhandlingsutval

Terje Mork (leiar) med Jostein Gryte som varamedlem
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) med Lillian Oddekalv Gjervik som varamedlem
Rune Ziener (sekretær)

Arbeidsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar)
Terje Mork (nestleiar)
Ragnhild Stav
Rune Ziener (sekretær)

Kyrkjelydsutval

Askvoll	Vilnes	Holmedal
Ingvild Loftheim	Lillian Oddekalv Gjervik	Terje Mork
Frida Melvær	Dagmar Dyrøy	Ellen Marie Tveit
Dagny Søvig	Oddgunn K. Grane	Jorunn Bull
Vidar Kaland		Sigmund Rivedal
Liv Hushagen		Karen Espedal
Svanhild Ask		

Kvammen	Bulandet
Marit Leknes Gryte	Arne Fedøy
Sigrid Lunde	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy

I Stongfjorden og Værlandet er det ikkje eige kyrkjelydsutval.

Kyrkjemusikksutval

Rune Ziener (leiar)
Silje Furnes Solheim (nestleiar)
Oddgunn Keilegavlen Grane
Ragnhild Stav
Sabina Baylarbayova (sekretær)

Trusopplæringsutval

Ikkje operativt i 2025

3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Tilsette i soknet pr. 31.12.2024

Funksjon	Årsverk 2025	Årsverk 2024	Årsverk 2023	Årsverk 2022	Årsverk 2021	Årsverk 2020
Kyrkjeleg administrasjon	1,6	1,6	1,5	1,5	1,5	1,5
Kyrkjer	0,8	0,8	0,8	0,8	0	0,7
Gravplassar	0,34*	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7
Anna kyrkjeleg verksemd	Vakant	Vakant	Vakant	0,5	0,5	0,8
Sum fastlønn	<u>2,74</u>	<u>3,1</u>	<u>3,0</u>	<u>3,5</u>	<u>2,7</u>	<u>3,7</u>
Timetilsette	Ca 0,2	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 1,0	Ca 1,0
Sum årsverk inkl. timetilsette	<u>2,94</u>	<u>3,65</u>	<u>3,55</u>	<u>4,05</u>	<u>3,7</u>	<u>4,7</u>

* Kombinertstilling kyrkje/gravplass

Kontor

Kyrkjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i Sentrumsgarden), der ein som del av kommunal tenesteyting disponerer 5 kontorplassar og felles møtelokale.

Organisering

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

Pensjon

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.

Helse, miljø og tryggleik

Ein har i fleire år hatt manglar når det gjeld tilfredsstillande internkontrollsystem for HMT.


Frå 2024 har soknet inngått avtale med Avonova for å få eit slikt system etablert.

Dette arbeidet er i gang.

Sjukefråver

Legemeldt sjukefråver er i 2025 tilbake på eit «normalnivå» etter unntaksåret 2024.

Fråværsprosenten var på 5,93 i 2025. Framleis ligg talet noko over bransjen (1,1 prosentpoeng), men under tala for kommunal forvaltning (1,57 prosentpoeng).




Kjønnsbalanse og likestilling

Det er ikkje iverksett særskilte tiltak for å jamne ut kjønssamansetjinga i staben, då ein aldri har registrert noko problematisk i høve kjønssamansetjinga.

Det ligg heller ikkje føre begrensningar når det gjeld tilgang styrande organ eller verv, som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag eller segregerte aktivitetar eller tilbod.

Kjønnsamansetjing - tilsette i Askvoll sokn



■ Menn ■ Kvinner

4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

4.1 Gudstenester og institusjonsandakter

	Tal gudstenester	Frammøte	Frammøte pr. gudsteneste	Tal gudstenester	Frammøte	Frammøte pr. gudsteneste	Tal gudstenester	Frammøte	Frammøte pr. gudsteneste	Gudstenestetotal	Frammøte	Frammøte pr. gudsteneste
	2024			2023			2022			SNITT		
Askvoll	23	1 204	52	23	1 476	64	32	2 182	68	26	1 621	62
Bulandet	13	373	29	11	342	31	13	622	48	12	446	36
Holmedal	14	690	49	14	680	49	16	883	55	15	751	51
Kvammen	15	424	28	12	491	41	14	568	41	14	494	37
Stongfjorden	1	27	27	1	25	25	2	52	26	1	35	26
Vilnes	12	665	55	13	602	46	12	541	45	12	603	49
Værlandet	1	56	56	0	NA	NA	0	NA	NA	0	56	56
Andre	2	48	24	3	110	37	1	11	11	2	56	24
TOTAL	81	3 487		77	3 726		90	4 859		83	4 061	340

Inkludert i gudstenestetala er salmekveldar, skulegudstenester og egne dåpsgudstenester.

Skulegudstenester:

I Vilnes kyrkje var det skulegudsteneste til påske og i Kvammen og Askvoll var det skulegudsteneste til jul.

Andakter/nattverdgdudstenester på Askvollheimen:

Det har vore 19 institusjonsandakter/-gudstenester på Askvollheimen. Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

4.2 Kyrkjelege handlingar

	Døypete				Konfirmerte				Vigde				Gravlagde*			
	2025	2024	2023	SNITT	2025	2024	2023	SNITT	2025	2024	2023	SNITT	2025	2024	2023	SNITT
Askvoll	7	4	4	5	7	12	11	10	1	2	0	1	14	13	14	14
Bulandet	2	1	0	1	0	2	2	1	0	0	0	0	2	1	3	2
Holmedal	5	2	4	4	4	6	6	5	1	0	2	1	8	5	6	6
Kvammen	3	1	2	2	3	5	2	3	0	0	1	0	4	2	6	4
Stongfjorden	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	3	2	3	3
Vilnes	5	5	4	5	5	10	8	8	0	0	0	0	4	6	2	4
Værlandet	0	0	0	0	1	2	0	1	0	0	0	0	2	2	3	2
Andre stader	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Total	22	13	15	17	20	37	29	29	2	2	3	2	37	31	37	35

*Gjeld kyrkjeleg gravferdsseremoni eller bisetjing.

4.3 Kyrkjeleg undervisning og læring (trusopplæring)

Trass i situasjonen med framleis vakanse i kyrkjelydspedagogstillinga gjennom heile 2025 har vi hatt eit bra nivå på gjennomførte trusopplæringstiltak gjennom året. Ikkje minst har dette vore mogleg ved at kantor Sabina Baylarbayova har vore engasjert på timebasis for å gjennomføre tiltak for barn og unge.

Særleg bør ein trekke fram *Barnefestivalen 2025*, som vart utprøvd for første gong i Askvoll i februar, der det var tett program i Askvoll kyrkje i tre dagar med ulike tiltak og aktivitetar for born.

Gjennomførte tiltak i kyrkjeleg undervisning og læring (trusopplæring) i 2025

Tiltak	Alder	Omfang	Deltakarar	Deltaking %
Babysong	0	13 samlingar	3	60% av 5
<i>Dåpsdue-slepp</i>	0-1	1 samling	4	22% av 18
<i>Småbornssong</i>	1-3	9 samlingar	4	10% av 39
Julevandring	4-5	1 samling x2	15	38% av 40
Undringstime med utdeling	4-6	1 samling x5	18	28% av 64
<i>Kirkerotteteater</i>	4-7	1 samling	32	37% av 86
<i>Tur med kyrkjesafari</i>	4-8	1 samling	25	23% av 107
Engleverkstad	7	1 samling x3	4	18% av 22
<i>Tårnagentene</i>	8-9	1 samling	9	19% av 47
Barnekor-prosjekt	8-10	6 samlingar	6	8% av 79
Utdeling av Bibel	11	1 samling x5	8	31% av 26
Konfirmasjon	15	23 samlingar	20	111% av 18

Kursivert tekst = del av Barnefestivalen 2025

4.4 Kyrkjemusikk

Om kyrkjemusikken seier kantor:

-Musikk er viktig del av kyrkja sitt liv. Det gjelder både musikk i gudstenester og kyrkjelege handlinger, også når det er salmekvelder og konserter i kyrkja. Musikk trøster under sorg og hjelper å dele glede!

Kyrkjemusikkutval

I 2024 året fekk ein oppnemnt eit nytt utval for kyrkjemusikk. Dette har ein ikkje hatt før, og utvalet sin hovudfunksjon er å utarbeide og vidareutvikle den kyrkjemusikalsk planen for soknet og sjå til at denne vert følgt. Utvalet har vore aktivt i heile 2025.

Kyrkjekonsertar

Soknet arrangerte to kyrkjekonsert i eigen regi i 2025:

- Piano- og vokalkonsert i Holmedal i november.
- Julekonsert i Askvoll i desember.
- I tillegg var det konsertar ved Askvoll kyrkjekor til påske og til jul på Askvollheimen

Salmekvelder

Kantor arrangerte 4 salmekvelder i 2025

Bulandet	Vår
Kvammen	Vår
Vilnes	Haut
Askvoll	Haut

Andre musikalske arrangement i eigen regi

- Salmetreff i Askvoll kyrkje
- «Vi syng jula inn» i Bulandet

Konsertar ved eksterne

Eksterne aktørar arrangerte konsertar i Askvoll kyrkje i januar og mars og julekonsert i Holmedal.

4.5 Diakoni

Framleis har ein ikkje fått etablert eit diakoniutval i soknet, og ein har heller ikkje nokon vedteke diakoniplan. Imidlertid har ein halde fram i heile 2025 med det musikkdiakonale prosjektet knytt til Askvollheimen. I prosjektet, som er finansiert av bispedømmet og kommunen, nyttar ein ein 10% stillingsressurs for kantor som besøker Askvollheimen annankvar torsdag med musikkstund på Kårstova og Fellesstova. Bispedømmet ser på dette prosjektet som nyskapande, og det ligg i skjeringspunktet mellom diakoni og kultur.

I 2025 var det 42 musikkandakter/musikkstunder på Askvollheimen i regi av musikkdiakoniprojektet.

Om musikkdiakonien seier kantor:

- Musikkandakter er veldig god terapi for bebuarene på Askvollheimen. Dei elsker desse samlinger. Vi varierer frå instrumentalt musikkstund til song samlinger, eller nokon gonger begge deler. Av og til

dei kjem med noko ønske sjølv. Det er veldig populært hos dem, og dei gleder seg til desse musikkandakter.

4.6 Misjon

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar prosjektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 8.545,75 fordelt på 4 gudstenester.


4.7 Profilerings og kommunikasjon

Kyrkjeblad

I 2025 fekk ein gitt ut 3 nummer av kyrkjebladet for Askvoll.

Finansiering av trykkinga skjer ved frivillig bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2025 hadde ein eit underskot på kr 29.695,- for kyrkjebladet.

I hovudsak skuldast det mindre gåver/bladpengar enn tidlegare.



Heimesider

Frå mars 2014 fekk ein etablert eigne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon om soknet si verksemd.

Facebookprofil

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenkjer til oppdateringar på heimesida. Kyrkja i Askvoll har 863 følgjarar (pr. februar 2026), godt opp frå 741 året før.

5.0 KYRKJEBYGG OG GRAVPLASSAR

5.1 Investeringar

Avslutta prosjekt 2025	Pågåande prosjekt 2025	Planlagde prosjekt, men ikkje igangsett 2025
Rehabilitering av Holmedal kyrkje	Ingen	Parkeringsplass Vilnes
		Drenering Askvoll kyrkjegard
		Handicaptilkomst, koret i Askvoll

Rehabilitering Holmedal kyrkje

Siste prosjektdel av rehabiliteringsprosjektet i Holmedal kyrkje vart gjennomført dette rekneskapsåret. Dette omfatta bygging av rampe for universell tilkomst ved hovudinngangen og legging av dreneringsrør for å ta unna takvatn frå kyrkja og ut i elva. Dei to store bøketrea ved porten, som utgjorde ein skaderisiko, påtok entreprenøren seg å fjerne kostnadsfritt i samband med prosjektet.

Parkeringsplass Vilnes

Ein arbeidde med prosjektet med parkeringsplass på Vilnes, men anleggsarbeid vart ikkje igangsett, då ein såg at prosjektkostnad for ønska parkeringsløyising ville vere langt dyrare enn tilgjengelege investeringsmidlar. Dette vart difor nedbudsettert mot slutten av året med tanke på å få det ført opp til realisering i seinare budsjett.

Handicaptilkomst koret i Askvoll

Gjennom rekneskapsåret konkluderte soknerådet med at ein ikkje ville i gang med bygningsmessige endringar i kyrkjerommet, men valde å sikre universell utforming med organisatoriske grep ved kyrkjelege handlingar/gudstenester. Såleis utgår tiltaket.

Drenering Askvoll kyrkjegard

Her kom ein av ulike årsaker ikkje i gong med arbeidet som opphavleg planlagt, men ein vil setje i gang dette seinare.

5.2 Vedlikehald, inventar og utstyr gjennom året

Nytt varmestyringsanlegg Askvoll kyrkje

Pga. utfasing av 2G- og 3G-nettet ville det førre varmestyringsanlegget ikkje lenger fungere. Dette måtte difor byttast ut og ved nyttår fekk ein montert nytt anlegg. Dette kosta i underkant av kr 90.000,-.

Reparasjon av ytterveggar Askvoll kyrkje

Det har i lang tid vore problem med lekkasjar inn i kyrkja, særleg over vindua på sørsida av bygget. Ein fekk teke nokre mindre, men nødvendige utbetringar her i 2025 til ein kostnad på om lag 16.000,.

Instrument

Det er kjøpt inn eit nytt digitalt piano som skal nyttast til speling med solistar og liknande rundt om i soknet.

Det gamle pianoet frå Askvoll kyrkje vart gitt bort då dette var i dårleg stand, men soknet kjøpte dette tilbake for kr 10.000,- etter det vart overhaldt og restaurert. Dette pianoet vart sett i Holmedal kyrkje og erstattar då det gamle el-pianoet som sto der.

Desse instrumentkjøpa er finansiert med fondsmidler.

Fjerning og destruksjon av gamle gravminne

På fleire av gravplassane står det lagra gamle gravminne som vi har hatt problem med å få fjerna. Sist på året fekk ein fjerna og destruert mange av gravminna på Askvoll kyrkjegard.

Klokkeportalen på Værlandet gravplass

Denne er i dårleg stand. Ein fekk kjøpt inn materiale til opprusting her med restmidlar i vedlikehaldsbudsjettet. Planen er at opprustinga skal gjerast på dugnad.

6.0 ØKONOMI

6.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2025 eit meirforbruk (underskot) på kr 45.616,- etter avsetningar.

Nøkkeltal

	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024	Rev. budsjett
Driftsinntekter	5 143 598	5 865 382	5 185 700
Driftsutgifter	5 447 780	5 555 956	5 416 651
Brutto driftsresultat	<u>-304 182</u>	<u>309 426</u>	<u>-230 951</u>
Netto finansinntekter	7 546	9 592	2 000
Netto driftsresultat	<u>-296 637</u>	<u>319 018</u>	<u>-228 951</u>
Bruk av avsetninger	324 816	462 392	279 477
Avsetninger	73 795	781 410	50 526
Rekneskapsmessig meirforbruk	<u>-45 616</u>	<u>0</u>	<u>0</u>

Generell kommentar til rekneskapen:

Samla driftsinntekter i 2025 er kr 721.784,- lågare enn i 2024. Hovudårsak til reduksjonen er:

- Uvanleg høg sjukelønnsrefusjon i 2024, mens den var negativ* i rekneskapsåret 2025. Differansen utgjer kr 602.594,-frå føregåande år.

- Det var og nedtrekk i tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkja (trusopplæringstilskotet) for 2025 grunna mindreforbruk i 2024. Tilskotet vart redusert med kr 230.534,- samanlikna med føregåande år.

Samla driftsutgifter totalt er noko ned frå 2024 med ein reduksjon på kr 108.126,-.

- Totalt til lønn og sosiale utgifter er det ein reduksjon på kr 324.341,- frå 2024.


Forklaringa på den store reduksjonen i lønn- og sosiale utgifter er at bokført netto pensjonspremie er redusert med heile kr 348.116,- samanlikna med 2024 p.g.a. at premiefondet er tilført kr 660.546,- og kr 459.406,- av dette er brukt til å betale pensjonsutgiftene.

- Når det gjeld vare- og tenestekjøp er det derimot ein auke på kr 205.902,- samanlikna med 2024.

Utgifter til graving utgjer kr 114.286,- av denne auken, og på kjøp av utstyr og inventar til kyrkjer ligg kr 58.845,- over tala for 2024.

For avsetningar er det og ein vesentleg reduksjon frå 2024 med kr 707.615,-. I 2025 var det ikkje avsett noko til trusopplæringsfondet, til forskjell frå 2024 der kr 306.436,- av unytta midlar var avsett. I 2025 er det ikkje avsett noko til disposisjonsfond eller dekning av tidlegare års meirforbruk, der samla tal for 2024 viser avsett kr 402.017,-.

**Negativ netto sjukelønnsrefusjon kjem som følgje av avskriving av tapt refusjonskrav sjukelønn på kr 201.327. Dette er kumulert beløp for både 2024 og 2025.*



Kommentar til kvar teneste

04100 – Kyrkjeleg administrasjon

Her var eit meirforbruk i forhold til budsjett på kr 75.461,-.

- Sjukelønnsrefusjon, som er ein inntekstpost, er for 2025 bokført med kr 103.067,- i utgift. Dette pga. nedskrivning av tap på sjukelønn for 2024 og 2025. Posten ligg med avvik meirkostnad kr 182.917,- i forhold til budsjettet.

- Det er vidare ein meirkostnad på straum til kontoret på kr 19.947,-

- For pensjonsutgift er det mindreforbruk på kr 126.941,-. Dette pga. mykje tilføring til- og bruk av premiefondet for å dekke pensjonsutgifter.

04200 – Kyrkjer

Avvik på tenesta med eit mindreforbruk på kr 49.103,-.

- Her var eit mindreforbruk på kr 75.946,- i pensjonskostnad.

- Kostnad til straum og andre utgifter/forbruksmateriell er til saman kr 46.992,- høgre enn budsjettet.

04300 – Gravplassar

Eit meirforbruk på tenesta med kr 43.550,-.

Utgifter til graving var kr 165.843,- meir enn budsjettet. I beløpet her ligg óg kostnad for graving sist

i 2024 som først vart fakturert i 2025.

- Mindreforbruk på pensjon, kr 54.479,-

- Meirinntekter både på refusjon av sjukepengar, kr 51.711,- og brukarbetaling for kyrkjelege tenester (utanbygdsavgifter) på kr 22.000,-.

04400 – Anna kyrkjeleg verksemd

Tenesta gjekk med kr 5.325,- i overskot som er sett av til bunde fond for kyrkjelydsarbeid.

04432/04436 – Trusopplæring/Trusopplæring (interkommunalt samarbeid)

Det har vore vakanse i trusopplæringsstillinga heile rekneskapsåret. Berre mindre beløp er nytta til timeavlønning for å gjennomføre aktivitet. Utanom det er det brukt midlar til aktivitetsrelatert materiell og utgifter til weekend for konfirmantane. Det er vidare intern overføring på kr 22.000,- i rekneskapen frå trusopplæring til kyrkjeadministrasjon for å kompensere for meirarbeidet i administrasjonen grunna vakansen.

På inntektssida har det vore reduksjon i tilskot frå Dnk sentralt grunna mindreforbruket i 2024.

Tenestene gjekk totalt sett med eit underskot på kr 35.463,- som er dekkja inn med bruk av trusopplæringsfondet. Det er ingen større avvik pr. budsjettpost på tenestene her.

04450 – Kyrkjemusikk

Kr 27.422,- er avsett i 2025 til styrking av det bunde fondet til kyrkjemusikalsk arbeid.

Fondet er knytt til det nye kyrkjemusikkutvalet sitt arbeidsområde, der inntektene er gåver og inntekter ved kyrkjemusikalske arrangement.

Dette er ei relativt ny rekneskapsteneste som utskiller seg ut frå det generelle kyrkjelydsarbeidet, men er samtidig avgrensa frå det «lovpålagde» kyrkjemusikalske arbeidet som ligg bokført i 04200.

04479 – Kyrkjeblad

I 2025 gjekk kyrkjebladet med eit underskot på kr 29.695,-.

Dette er nær tre gonger så stort underskot som i 2024. Auken her skuldast i hovudsak svikt i frivillege bladpengar og annonsesal, der ein fekk inn totalt kr 15.736,- mindre enn føregåande år. Underskotet er dekkja inn med bruk av bunde fond til kyrkjelydsarbeid.

08900 – Finanstransaksjonar

Mindreforbruk her på kr 69.908,-.


- I tenesta ligg meirforbruket for heile driftsrekneskapen bokført som inntekt med kr 45.616,-.

- Budsjetttert overføring til investering på kr 13.526,- er stroke pga. strykingsbestemmelser i økonomiforskriften.

- Overføring frå kommunen ligg kr 12.766,- over budsjettet pga. overføring av rentekompensasjonsmidlar frå Husbanken etter orgelrestaureringa i Askvoll.


Pensjonskostnader

Sjølvs om samla pensjonskostnader i 2025 ligg kr 110.594,- høgre enn for 2024 er utgiftene belasta i driftsrekeskapen i 2025 svært lågt. Dette fordi det var ein svært stor overføring frå premiefondet på heile kr 459.406,- i 2025 av dei tilførte midlane til premiefondet, totalt kr. 660 546,-.



Festeavgifter

Inntekt for festeavgifter var kr 211.098,- i 2025, omtrent på nivået frå 2024, der inntekta var kr 212.519,-.



6.2 Investeringsrekneskapen

Samla investeringar soknet i 2025 var på kr 840.192,- opp frå kr 482.997,- i 2024.


Utanom kr 14.376,- (eigenkapitaltilskot KLP og dekning av ikkje-finansiert eigenkapitaltilskot frå 2024) er alle investeringane innanfor prosjektet rehabilitering av Holmedal kyrkje.

Finansieringa av dette er fordelt slik:

Refusjonar (meirverdiavgiftskompensasjon)	165.163,-
Tilskot til investeringar	666.000,-
Overført frå drift	850,-
<i>Sum finansiering</i>	<i>832.013,-</i>
<i>Udekket/udisponert</i>	<i>- 8.179,-</i>

I opphavleg budsjett lå det inne fleire prosjekt, men desse vart i løpet av rekneskapsåret budsjetterte ned med tanke på seinare realisering. Handicaptilkomst til koret i Askvoll kyrkje er teke heilt ut:


Prosjekt	Opphavleg budsjett
Parkeringsplass Vilnes	200.000
Drenering Askvoll kyrkjegard	100.000
Handicaptilkomst, koret i Askvoll	100.000



Som ein ser av figuren er det betydelege variasjonar i soknet sine årlege investeringar.

Gjennomsnittet for dei ti siste åra ligg på årleg kr 2,79 millionar investert i anleggsmiddel, noko som må seiast å vere svært høgt for eit lite sokn som Askvoll.


Diagrammet nedanfor viser investeringane tre siste åra fordelt på prosjekt. Tala er inkludert meirverdiavgift.




6.3 Balanserekneskapen

	2025	2024	Endring
Bunde fond driftsfond	1 623 779	1 758 300	-134 521
Disposisjonsfond	44 691	162 041	-116 350
Ubunde investeringsfond	0	0	0
Bunde investeringsfond	0	0	0
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	-45 661	0	-45 661
Unytta/udekka i investeringsrekneskapen	-8 179	-850	-7 329
Total	1 614 630	1 918 491	-303 861

Gjennom rekneskapsåret 2024 har det vore ein reduksjon i nettoverdi av fondsmidlar og meir-/mindreforbruk på totalt kr 303 861,-.



Bunde fond (sokneråd) pr. 31.12.




Her er ei nettoreduksjon i avsette midlar på kr 71.876,- gjennom rekneskapsåret.

Det er nytta kr 45.702,- av fondsmidlar til det musikkdiakonale prosjektet og kr 35.463,- frå trusopplæringsfondet for å balansere.

Det er nytta kr 29.695,- frå fondet til kyrkjelydsarbeid for å finansiere underskotet for kyrkjebladet, og fondet her er redusert netto med kr 24.371,-

Fondet for det kyrkjemusikalske arbeidet er styrka med kr 27.422,-. Dette er midlar frå julegåveaksjonen og lokale kyrkjemusikalske arrangement.

Bunde fond (fellesrådsmidlar ekskl. gravfond) pr. 31.12.



Gjennom rekneskapsåret er det små bevegelser og brukt netto kr 61.254,- frå bundne fellesrådsmidlar. Kr 61.902,- (halvparten) av fondsmidlane til Stongfjorden kapell er overført frå soknet til styret for Stongfjorden kapell. Det er vidare brukt 20.969,- frå musikkutstyrfondet og 10.000,- frå inventarfondet til Holmedal for kjøp av digitalt piano og brukt piano.

7.0 FRAMBLIKK 2026 – utfordringar og satsingsområde

- **Økonomi**
 - sikre balansert driftsøkonomi for soknet i ei tid med nedskjeringar i kommunal rammeløyving
- **Kyrkjeleg undervisning og læring**
 - rekruttere i stillinga og vidareutvikle samarbeidet med nabosokna
- **Vedlikehalds- og investeringsprosjekt**
 - sikre midlar til eit tilfredsstillande vedlikehalds- og investeringsnivå
- **Gravplassforvalting**
 - finne løysingar for betre gravplassvedlikehald i ei krevjande ressursituasjon
- **Tilsette og HMT-arbeid for verksemda og arbeidsmiljø**
 - implementere internt HMT-systemet

Askvoll 09.03.2026

Wenche Ness Gabrielsen
leiar Askvoll sokneråd

Rune Ziener
kyrkjeverje